



## Prosedyre borgarleg vigslе

### 1. Vigslar

Frå 1. januar 2020 har følgjande roller vigselsmynde i Norddal kommune, jf. Ekteskapsloven § 12 b):

- Ordførar
- Varaordførar

### 2. Vigselstilbod

Desse vedtektene gjeld for alle barnehagane som Fjord kommune eig og driv. Barnehagane er leia av styrar/verksemdsleiar, og kommunalsjef for oppvekst og kultur er øvste leiar med formannskap som politisk organ.

#### 2.1 Vedteken prosedyre

Vedtak i kommunestyret desember 2019

- Den kommunale vigselsretten i Fjord kommune vert teke hand om av ordførar og varaordførar. Det skal utnemnast ny person med vigselsmynde om begge kjønn ikkje er representert.
- Vigsel kan finne stad i kontortida på vekedagar. Vigselstidspunktet blir fastsett etter forutgåande dialog mellom brudefolket og vigsleren.
- Vigsel i kommunal regi finn stad på rådhuset, fortrinnsvis på ordførar sitt kontor eller i kommunestyresalen.
- Det opnast for vigsle i andre lokale/andre stader enn på rådhuset og til tidspunkt utanfor ordinær arbeidstid. Dette må avtalast med vigsleren. Kommunen fakturerer dei faktiske utgiftene.
- Det administrative ansvaret for vigselsordninga blir delegert til administrasjonssjefen. Administrasjonssjefen får i oppgåve å legge til rette for at vigslane kan finne stad innanfor verdige rammer.

#### 2.2 For kven

Fjord kommune tilbyr vigsle for alle personar som følgjer vilkår for å inngå ekteskap i Norge etter kapittel 1 i Ekteskapsloven.

#### 2.3 Kostnad

Tilbodet om vigsel er i utgangspunktet gratis for eigne innbyggjarar og brudefolk som ikkje er busett i Noreg. Dersom brudeparet har andre ynskjer utover det som er satt i vedtaket til kommunestyret, må dei betale for og/eller ordne dette sjølve. Dette kan t.d. vere vigsle på andre lokalitetar, vigsel på helg- eller høgtidsdag eller levende musikk under vigselen.

#### 2.4 Vigselslokale

- Kommunestyresalen
- Ordføraren sitt kontor

Vedtatt i kommunestyret 19.12.19, k.sak 10/19

Dersom brudeparet ønsker vigsel i anna lokale, eller ute, må dette avtalast på førehand. Kostnadar til dette må dekkast av brudeparet sjølv.

#### **2.4.1 Kommunestyresalen**

Kommunen sørgjer for å sette fram bord med kvit duk og lys. Det vert sett fram stolar til brudepar og vitne. Vi må på førehand få avklart om ev. andre gjestar kjem slik at vi også har satt fram stolar til desse.

#### **2.4.2 Ordførar sitt kontor**

Kommunen sørgjer for å sette fram bord med kvit duk, lys og blomar. Det vert sett fram stolar til brudepar og vitner. Andre gjestar må stå. Ved spesielle behov set vi fram stolar.

### **2.5 Førebuing til vigsel**

Tilbod om vigsle, kva som må gjerast og i kva rekkjefølgje det skal gjerast i, skal informerast om på kommunen si heimeside.

#### **2.5.1 Prøvingsattest**

Før brudeparet kontaktar kommunen for å avtale vigsle, må dei innhente prøvingsattest frå folkeregisteret. Denne er gyldig i fire månader. Når prøvingsattest ligg føre kan brudeparet kontakte kommunen jf. ekteskapsloven § 14 fyrste ledd jf. § 10.

Om brudeparet planlegg vigsel lenger fram i tid, kan dei ta kontakt utan at prøvingsattest ligg føre. Dei må då huske at attesten må vere klar til vigselen skal skje, seinast levert kommunen tre veker før dato for vigsle.

#### **2.5.2 Avtale dato og vigsle**

Det er servicetorget og politisk sekretariat som mottok førespurnad frå brudepar som ønsker kommunal vigsle. Det skal søkast via elektronisk skjema. Brudeparet må kome med dato og ønska klokkeslett for vigsle. Servicetorg og politisk sekretariat avtalar tidspunkt med vigsjar, og sjekkar om det aktuelle lokalet er ledig. Brudeparet får deretter tilbakemelding på fastsatt vigsjar og tidspunkt.

#### **2.5.3 Klargjering av vigselslokale**

Så lenge eit av de to lokala som kommunen tilbyr til vigsel vert nytta, er det kommunen som gjer klar lokala. Pynt m.m. utover det kommunen tilbyr, må brudeparet ordne sjølv. Dersom vigsel skal finne sted i anna lokale, eller ute, må brudeparet sjølve sørge for å få satt dette i stand.

### **2.6 Gjennomføring av vigsle**

#### **2.6.1 Seremonien**

Brudefolk, forlovarar og gjestar bør møte opp 10-15 minutt før avtalt tid for vigsle. Dei må vente utanfor seremonirommet til dei vert vist inn.

Etter seremonien er over, underteiknar brudeparet, vitnar og vigsjaren vigsleprotokollen. Om brudeparet har ringar som skal utvekslast, vert desse satt på når vigsjaren har erklært dei som ektefolk. Vigsjaren sei frå når ringane kan utvekslast.

### **2.6.2 Vitne**

To vitne må vere til stades under seremonien, jf. Ekteskapsloven § 11 andre ledd. Dette kan vere trulovavarar eller to andre myndige personar.

### **2.6.3 Legitimasjon**

Brudefolket skal legitimere seg for vigslar før vigsle vert utført.

### **2.6.4 Borgarleg vigsselformular**

Vigslar skal lese opp det borgarlege vigsselformularet under seremonien.

Seremonien kan passast til med til dømes tekst og musikk ut over dette, om brudeparet ønskjer det. Det må i så fall avklarast med kommunen og vigslar i god tid før dato for vigsle. Om ein av brudeparet er framandspråkleg, må det på førehand avtalast kva språk som skal brukast under seremonien. Vigselen kan skje på norsk eller engelsk. For andre språk må brudeparet sjølv sørge for tolk.

### **2.6.5 Melding om vigsle**

Prøvingsattesten frå folkeregisteret utgjer også melding om vigsel og vigselsbok. Skjemaet sin del «Melding om vigsel» skal fylles ut av vigslar.

Brudeparet og vitna skal underteikne melding om vigsle.

## **2.7 Vidare oppfølging og arkivering**

### **2.7.1 Mellombels vigselattest til brudeparet**

Stadfesta kopi av utfylt og signert vigselsbok vert sendt til ekteparet pr. post fyrste verkedag etter vigsle. Dette er brudeparet sin mellombelse vigselattest.

### **2.7.2 Registrering av vigsel hos folkeregisteret**

Stadfesta kopi av utfylt og signert vigselsbok vert sendt til folkeregistermynde seinast tre dagar etter vigsle. Folkeregistermynde vil så sende ut endeleg vigselsattest til brudeparet.

### **2.7.3 Arkivering av dokumentasjon**

Dokumentasjon som skal arkiverast i kommunen sitt sak-/arkivsystem:

- Søknad om vigsle
- Utfylt og signert vigselsbok
- Utfylt og signert skjema for detaljar rundt vigsle
- Utgåande brev som dokumenterer hendinga i pkt. 2.7.1 og pkt. 2.7.2 over

Dokumenta vert unnateke offentleg innsyn.

Dette skal leggst inn som rutine i kommunen sin arkivplan.

## **2.8 Visning til lover**

Ekteskapsloven

Forskrift om kommunale vigsler

Rundskriv Q-11/2017 – Kommunale vigsler